

## **Mangersnesvegen 09.10.23**

### **FAU Manger sine merknadar til offentlig ettersyn og høyring**

#### **Detaljereguleringsplan for Mangersnes.**

#### **Plan 12602011000400**

Viser til detaljereguleringsplan for nytt bustadsfelt på Mangersnes. Det nye bustadsfeltet vil ha stor inverknad på Manger skule både mtp skulekapasitet og trafikktryggleik kring skulen.

FAU sitt ansvar er å ivareta elevane sitt noverande og framtidig skulemiljø, og me ønsker å kome med følgjande merknadar til reguleringsplanen på Mangersnes.

#### **1. Skulekapasiteten**

Kapasiteten på Manger skule er per i dag sprengt og skulen driv på dispensasjon. Prognosen for elevtalet på Manger skule er i følgje rektor aukande, i motsetning til andre skular i Alver kommune. Eit nytt bustadsfelt vil truleg medføre ei betydeleg auke i elevmassen og FAU Manger kan ikkje sjå at Manger skule har anledning til å handtere ei slik auke utan at skulen blir utvida. Skulen driv i dag på dispensasjon både fordi elevtallet på skulen er større enn kva uteområdet er dimensjonert for, samt at to av klasseromma er i brakkebygg. Brakkebygget var tenkt som ei midlertidig løysing, men er etter ca 10 år blitt ei permanent løysing på dispensasjon.

Me ønsker ei uttale angående framtidige planar for Manger skule. FAU Manger stiller krav til ny skule på Manger dersom ein kan forvente ei betydeleg auke i elevtall. Skulen er i dag for liten og er i dårleg teknisk forfatning.

#### **2. Trafikksituasjonen kring skulen**

Manger skule, som ligg langs Mangersnesvegen til Manger sentrum, har utfordringar med trafikken slik det er i dag. Det er svært redusert kapasitet til å parkere ved skulen og det er utfordrande med levering grunna ein liten og trang parkeringsplass, samt at skulen er

omkransa av bustadar. Elevane kjem enten syklande, gåande, eller blir levert med bil. Per i dag blir ei stor mengde elevar levert med bil i ei lita rundkøyning inne på parkeringsplassen. Dette medfører bilkø frå fylkesvegen og inn på skuleplassen. Hovudmengda av bilar kjem frå Manger sentrum, og køen strekker seg ofte frå skuleplassen og heilt opp til Manger Folkehøgskule. Me kan ikkje sjå at det er mogleg å utvide parkerings- og leveringssona på skulen utan at det går på bekostning av uteområdet som allereie er for lite.



Bileta over er tatt 06.10.23 kl. 08.25. Ein kan tenke seg til korleis det vil sjå ut dersom det er tilsvarande trafikk frå sør. På tidspunktet bileta er tatt er det framleis dagslys. Situasjonen er ein heilt annan når det i tillegg er mørkt ute.

Dersom det kjem eit nytt bustadsfelt på Mangersnes må ein ta høgde for ei stor auke i trafikken også frå Mangersnes. Ungane frå Mangersnes har ikkje rett på fri skuleskyss, og ein kan difor vente at alle blir levert med bil. FAU Manger ønsker ein trafikkanalyse frå eit skuleperspektiv mtp auka trafikk forbi barneskulen frå sør.

Det er per d.d. ikkje etablert gang og sykkelsti frå Manger skule til Mangersnes. FAU Manger ser at dette vil vera naudsynt dersom det blir etablert eit nytt bustadsfelt på Mangersnes.

Viser til planføresegner til gamle Meland kommune, og ventar at dette også vil gjelde for Manger:

**1.5.4 For område avsett til framtidig bygg og anlegg kan det ikkje gjevast bruksløyve til bustader før:**

- Naudsynt kapasitet på skule og barnehage er etablert
- Leikeplassar er opparbeidd og ferdigstilte
- Fortau / bilfri gang- og sykkelveg til næraste skule er opparbeidd

Mvh

FAU Manger skuleåret 23/24.